

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Saka vart samrøystes vedteke sett på sakskartet.

Alexander Fosse Andersen, Sp sette på vegner av Sp, A, FNB, FrP, H, MDG, SV og R fram slikt forslag til høyringsfråsegn til forlag og andre produsentar av læremiddel :

«Vestland krev lærebøker på nynorsk

I samband med innføring av fagfornyinga frå skuleåret 2020/21 skal det produserast nye lærebøker og andre læremiddel. §9-4 i opplæringslova slår fast at ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med nokre få unntak, berre kan bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på begge målformer til same tid og til same pris. Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland meiner dette er eit viktig prinsipp for å sikre bokmåls- og nynorskelevar lik rett til utdanning, men er klar over at det har vore problem med å skaffe nynorskelevar læremiddel dei har krav på.

Enkelte vidaregåande skular melder denne hausten om at det har vore problematisk å få tak i lærebøker på nynorsk. Eit døme er Hafstad vidaregåande skule som manglar naturfagbøker på nynorsk. Dette er ikkje greitt, og hovudutval for opplæring og kompetanse er sterkt uroa over at nynorskelevar ikkje får læremiddel på eiga målform. Ved innføringa av den nye læreplanen er med andre ord situasjonen igjen at nynorskelevar opplever at lærebøker på nynorsk ikkje ligge føre til same tid som bokmålsutgåver. Dette er noko hovudutval for opplæring og kompetanse ikkje kan godta.

Lærebøker på eiga målform er ein viktig føresetnad for lik rett til utdanning. Som eit stort nynorskfylke er det naturleg for Vestland fylkeskommune følgjer opp moglege brot på parallellitetskravet til læremiddel. Hovudutval for opplæring og kompetanse krev at forlag og andre produsentar av læremiddel klarer å levere læremiddel på begge målformer til same tid og same pris. Det er har elevane våre krav på.»

Avrøysting

Fosse sitt forslag til fråsegn vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland krev lærebøker på nynorsk

I samband med innføring av fagfornyinga frå skuleåret 2020/21 skal det produserast nye lærebøker og andre læremiddel. §9-4 i opplæringslova slår fast at ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med nokre få unntak, berre kan bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på begge målformer til same tid og til same pris. Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland meiner dette er eit viktig prinsipp for å sikre bokmåls- og nynorskelevar lik rett til utdanning, men er klar over at det har vore problem med å skaffe nynorskelevar læremiddel dei har krav på.

Enkelte vidaregåande skular melder denne hausten om at det har vore problematisk å få tak i lærebøker på nynorsk. Eit døme er Hafstad vidaregåande skule som manglar naturfagbøker på nynorsk. Dette er ikkje greitt, og hovudutval for opplæring og kompetanse er sterkt uroa over at nynorskelevar ikkje får læremiddel på eiga målform. Ved innføringa av den nye læreplanen er med andre ord situasjonen igjen at nynorskelevar opplever at lærebøker på nynorsk ikkje ligge føre til same tid som bokmålsutgåver. Dette er noko hovudutval for opplæring og kompetanse ikkje kan godta.

Lærebøker på eiga målform er ein viktig føresetnad for lik rett til utdanning. Som eit stort nynorskfylke er det naturleg for Vestland fylkeskommune følgjer opp moglege brot på parallellitetskravet til læremiddel. Hovudutval for opplæring og kompetanse krev at forlag og andre produsentar av læremiddel klarer å levere læremiddel på begge målformer til same tid og same pris. Det er har elevane våre krav på.»

